

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 126/2003

av 26. september 2003

om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg XX til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 93/2003 av 11. juli 2003⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsvedtak 2003/200/EF av 14. februar 2003 om fastsetjing av reviderte miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til tekstilvaskemiddel, og om endring av vedtak 1999/476/EF⁽²⁾, skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg XX til avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. Nr. 2ef (kommisjonsvedtak 1999/476/EF) vert nr. 2efa.
2. Etter nr. 2ee (kommisjonsvedtak 94/925/EF) skal nytt nr. 2ef lyde:
”2ef. **32003 D 0200:** Kommisjonsvedtak 2003/200/EF av 14. februar 2003 om fastsetjing av reviderte miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til tekstilvaskemiddel, og om endring av vedtak 1999/476/EF (TEU L 76 av 22.3.2003, s. 25).”
3. I nr. 2efa (kommisjonsvedtak 1999/476/EF) skal nytt strekpunkt lyde:
”– **32003 D 0200:** Kommisjonsvedtak 2003/200/EF av 14. februar 2003 (TEU L 76 av 22.3.2003, s. 25).”
4. Nr. 2efa vert oppheva frå 31. august 2004.

⁽¹⁾ TEU L 272 av 23.10.2003, s. 29, og EØS-tillegget til TEU nr. 54 av 23.10.2003, s. 8.

⁽²⁾ TEU L 76 av 22.3.2003, s. 25.

Artikkel 2

Teksta til vedtak 2003/200/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 27. september 2003, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utfjerda i Brussel, 26. september 2003.

For EØS-komiteen
Formann

Prins Nikolaus von Liechtenstein

Sekretærar for EØS-komiteen

P.K. Mannes M. Brinkmann

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.